

Møte i Grinde- FAU, torsdag 30.januar 2020

Tilstades: Marie (leiar), Bjørn Halvor, Camilla, Cecilie (referent), Irene, Marita og Åshild.

1. Leiar har sjekka opp i moglegheita for eit fellesmøte for dei ulike Tysværskulane relatert til bruk av Ipad og PC i skulen som var oppe forrige møte (sjå referat forrige FAU-møte for fleire detaljer). IT avdelinga hos kommunene var usikre på om dette var noko dei kunne bruke sine resursar på. Irene tek tema vidare med Lars Johannes Liknes i kommunen, for å sjå på alternative løysingar.
2. FAU ønsker betre informasjonsflyt mellom skulen og foreldrene, til dømes ved bytte av lærar, klassemiljø, åtferdproblematikk o.l, og ber skulen sjå på korleis dette kan løyast på ein måte som ikkje bryt teieplikt eller personvernlova. Når det til dømes er konflikter, åtferdsutfordringar osv. i ein klasse eller på eit trinn, er det ønskeleg at alle foreldre har informasjon om kva som foregår i klasse- og skulemiljøet slik at dei også kan bidra, samt vite meir om korleis skulekvardagen til sine er. Dette kan til dømes løyses med ekstra foreldremøter, slik at alle får lik informasjon samstundes om tingenes tilstand.
3. Korleis arbeider skulen konkret med åtferd og andre utfordringar? Foreldre etterspør konkrete tiltak og konkrete tilbakemeldingar om korleis elevane sin skulekvardag er. Dersom foreldre skal spele på lag med skulen, må vi vite korleis skulen arbeider slik at også foreldre kan bidra, følge opp, følge med, komme med tilbakemeldinga etc.
4. TKFU (representantar frå alle FAU i Tysvær kommune) er invitert inn på dialogmøte av ordførar Sigmund Lier, saman med leiar for Levekårsutvalet, rådmann og kommunalsjef 6.februar. Grinde FAU har utarbeida nokre punkt me vil ta med oss inn i møtet:
 - Korleis arbeider skulane og kommunen med utfordrande åtferd og ulike hendingar?
 - Det må arbeides med konkrete tiltak frå 1-10.klasse.

- Tidleg innsats- kva midler får skulane til dette? Kva med timar skulen vert innvilga til elevar med ulike behov (t.d PPT-timar, miljøterapeut osv)? Det skal ikkje vere eit økonomisk spørsmål om borna våre har ein trygg skulekvardag eller ikkje.
 - Gode overgangar må innføres, mellom barnehage og barneskule, og mellom barneskule og ungdomsskule. Til dømes videreføre prosjekt med spesialpedagog frå barnehagen med inn dei første vekene i 1.trinn, samt ha fleire foreldremøter i 7.trinn for å sikre god overgang til ungdomsskulen. Overgangsmøter også mellom 7.trinn og ungdomsskulen.
 - Fleire miljøterapeuter må inn i skulen- dei må ha eit fagmiljø på den enkelte skule
 - Ein må sjå på korleis 8.trinn vert sett saman i klassar. Burde lærar/skule ha moglegheit til å endre klassestruktur fram til ein viss dato (til dømes før haustferien), slik at ein kan verte kjend med elevane og sjå korleis ein kan få til best mogleg klassestruktur/miljø?
 - Lærarane må få moglegheit til å ha ressurspersonar i klassemiljøet, slik at lærar ikkje står åleine i utfordringane, samt at dette kan forebygge konflikhtar og uønska åtferd. Dei tilsette ved skulane må ha ressursar, verktøy og kunnskap til å vere i forkant av utfordringar.
5. FAU utarbeider ei oversikt over ulike tema til foreldremøte på ulike trinn, kor det er ønskeleg med bruk av t.d. film til bruk ved refleksjon og gruppearbeid for foreldrene. Ønskeleg med (minst) to møter i året, slik at tiltak/speleregler kan avtalast, og der etter verte evaluert. Forslaget sendes til rektor, slik at lærerane kan kome med innspel.
 6. SU-møte etterlyses. Er det avtalt tidspunkt?
 7. Leiar inviterer rektor til møte 20.februar.